



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Å arbeide med flyktningborn i barnehagen

To work with refugee children in kindergarten

Malene Kvam, kandidatnr: 220

Barnehagelærerutdanning

Fakultet for lærar, kultur og idrett

Rettleiar: Kirsten Helen Flaten

07.01.2020

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

Innholdsfortegnelse

1.0	Innleiing	3
1.1	<i>Disposisjon</i>	4
2.0	Teori	4
2.1	<i>Omgrepsavklaring</i>	4
2.2	<i>Born si utvikling</i>	5
2.3	<i>Avvikande åtferd</i>	5
2.4	<i>Born med traume i barnehagen</i>	6
2.5	<i>Foreldre</i>	7
2.6	<i>Samarbeid mellom ulike instansar</i>	8
3.0	Metode	9
3.1	<i>Val av metode</i>	9
3.2	<i>Pilot</i>	9
3.3	<i>Rekruttering av informantar</i>	10
3.4	<i>Metodekritikk</i>	10
4.0	Empiri	11
4.1	<i>Borna si bakgrunn</i>	11
4.2	<i>Arbeidet med born prega av traume</i>	12
4.3	<i>Foreldresamarbeid</i>	13
5.0	Drøfting	14
5.1	<i>Foreldre og born</i>	15
5.2	<i>Tryggleik</i>	16
5.3	<i>Språk</i>	17
5.4	<i>Arbeid med flyktningborn i barnehagen</i>	17
6.0	Avslutning	20
6.1	<i>Vidare utforsking</i>	20
7.0	Kjeldetilvising	21
	Vedlegg 1: Informasjonsskriv	22
	Vedlegg 2: Intervjuguide	23

1.0 Innleiing

Mi interesse, og bakgrunn for val av tema knytt til denne oppgåva, starta våren då eg gjekk andre året på barnehagelærarutdanninga. Då jobba me med caseoppgåver der me diskuterte kva som kan tenkjast å vere orsake til både inn- og utagering blant born i barnehagen. Mange av desse oppgåvene var knytt til born med innvandrarakgrunn og gjerne foreldre med manglande norskkunnskap. Ei typisk oppgåve kunne lyde slik: *Ali er ny i barnehagen, han kan svært lite norsk. Mor snakkar berre på sitt eige morsmål medan far nyttar seg av norsk når han er i kontakt med dei vaksne i barnehagen. Ali har dårleg konsentrasjon, er mykje åleine på avdeling, og utagera til tider med raseriutbrot og vald.* Oppgåva vår vart då å finne ut kva som var orsaka til at Ali i nokre høve utagera, og kva som gjorde at han ikkje klarde å halde konsentrasjonen over lenger tid. Etter diskusjonar og felles refleksjon i klassen kom me, i slike typar case, veldig ofte fram til at det var på grunn av språket at Ali handla som han gjorde. Om Ali vart frustrert eller lei seg over noko var det vanskeleg for han å setje ord på det. Samstundes kunne det vere vanskeleg for personalet i barnehagen å forstå orsaksforløpet til hendinga eller kva han prøvde å formidle. Slik trakk me fram at språket, eller mangelen av det, var orsaka til at han kanaliserte sin frustrasjon gjennom vald og sinne.

Eg har sjølv vore i kontakt med personar med innvandrarakgrunn som kan fortelje at deira negative kjensler vart handtert med å verte gjeven ei skive med syltetøy då dei gjekk i barnehagen. Den bagasjen vedkommande hadde med seg vart verken anerkjend eller handtert på noko som helst måte. På bakgrunn av dette byrja eg å tenkje på korleis barnehagane i dag arbeidar med born som treng ekstra omsorg og støtte, spesielt retta mot flyktingar.

På grunn av lite fokus på dette i studiet, ville eg setje meg inn i litteratur som ikkje har vore pensum for oss barnehagelærarar, og på denne måten tileigne meg kunnskap eg meiner er særskilt relevant for ikkje berre barnehagelærarar, men alle yrkesgrupper som arbeidar med born. Utforskinga er spissa inn for å fokusere på born med eventuelle traume. For å halde eit klart fokus vart denne problemstillinga formulert: *Korleis kan barnehagepedagogane leggje til rette for, og betre situasjonen til born med eventuelle traume?*

Målet med denne oppgåva var å hente inn informasjon frå barnehagepersonell for å utvide mi forståing for arbeidet med born prega av traume. Dette omgrepet, med fleire, vert definerte i del 2.1 i oppgåva.

1.1 Disposisjon

For å skape grunnlag til seinare diskusjon vil eg presentere ulike teoretiske perspektiv som tek føre seg arbeid med flyktningborn i barnehagen. Samt korleis åtferd barnehagelærarar må vere merksemd på. Det var ikkje problemfritt å leite fram litteratur på dette området. Eg opplevde at det var mykje generell teori knytt til born med traume og flyktningborn. Eg leita spesifikt etter teori som kunne seie meg noko om korleis barnehagane arbeida med flyktningborn, men fant at det var lite skrive om. I tillegg til dette vart mengda av relevant litteratur avgrensa då litteraturen bør ta føre seg situasjonar i barnehagen. Omfanget på oppgåva la også føringar på kor breitt eg kunne utforske. Litteraturen som vil verte presentert er meint for å opplyse og informere lesaren, samt å gje eit grunnlag for diskusjon rundt funna i oppgåva. Etter presentasjon av litteratur vil oppgåva ta føre seg kva metode som vart nytta ved innhenting og analyse av materiale, samt kva etiske omsyn det vart teken for å beskytte informantane i oppgåva. Etter dette vil resultatane av funna verte presentert, der svara vert kategoriserte. Avslutningsvis vil oppgåva sine funn verte drøfta i lys av tidlegare presentert teori

2.0 Teori

Før litteraturen som dannar grunnlaget for oppgåva vert presentert er det naudsynt med ein omgrepsavklaring. Det er viktig å vise til kva denne oppgåva forstår i dei ulike omgrepa slik at bruken av omgrepa ikkje kan misforståas. Etter dette vil oppgåva ta føre seg born si utvikling, der relasjonsbyggjing er eit nøkkelomgrep. Vidare vil oppgåva gå inn på avvikande åtferd og traume. Til slutt vil oppgåva fokusere på foreldre og foreldresamarbeid.

2.1 Omgrepsavklaring

Eit av hovudomgrepa i oppgåva er *traume*. Denne oppgåva nyttar seg av American Psychological Association (2009) sin definisjon av traume, som hjå dei vert forklart som ein emosjonell respons på ei voldsom hending som til dømes voldtekt, naturkatastrofe, å verta overfalt, deltaking i krig eller å leve i eit krigsutsett område. Nært knytt til traume finn vi omgrepet *krise*. I følgje Atle Dyregrov (2010) vert traume brukt om hendingar som er dramatiske og oppstår plutsleg (s. 13) medan krise vert nytta i samanhengar som er mindre dramatiske. Kriser utviklar seg gjerne gradvis, eller er knytt til overgangsfasar i livet. I denne oppgåva vil omgrepet traume verte brukt, sjølv om psykiske traume nesten alltid inneber ei krise. På den andre sida vil ikkje ei krise naudsynleg vere ein traumatisk situasjon (Dyregrov, 2010, s.13).

Omgrepet relevant vert brukt for å gi ei beskriving av materiale ein innhentar frå til dømes intervju eller observasjonar. At noko er relevant vil seie at det er vesentleg og av tyding for ei sak (Persvold,

2019). I denne oppgåva vil dette omgrepet ha betyding for materiale eg innhenta for å svare på problemstillinga.

2.2 Born si utvikling

Eide (2012) presiserar at born si utvikling skjer saman med og i relasjon med andre. Dei er født med ei evne til samspel. Utviklinga startar innanfor dei rammene der barnet er innstilt på samhandling og dialog med foreldre eller andre omsorgspersonar. Utviklinga vil innebere utvekslingar mellom dei individuelle eigenskapane til barnet og det miljøet barnet står i. Vidare forklarar ho at det er ulike faktorar som påverkar denne utviklinga, til dømes eigenskapane til dei vaksne i barnet sin omgivnad, erfaringar barnet gjer seg eller egne faktorar ved barnet sjølv. Ei sentral del av utviklinga til et born knyt seg til organisering og strukturering av kjenslemessige opplevingar basert på denne utvekslinga. Den påverknaden born opplev, mellom enkeltindivid og omgivnadane, vil vara heile livet. Desse erfaringane vil vere med på å bidra til born si utvikling og korleis det vil gå med dei vidare i livet (s. 184-185).

I Rammeplan for barnehagen (2017) står det at barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter borna sine behov og føresetnader, også når nokon born har behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.26). Dette vil seie at alle barnehagar er pliktige til å leggje til rette for minoritetsborn som treng ekstra støtte knytt til eksempelvis språk, fysisk eller psykisk utvikling. Hernes og Larsen (2014) påpeikar at for personar som arbeidar, blant anna, i barnehagen vil kunnskap om den typiske utviklinga til born vere sentral. Ein kan trekkje fram to hovudgrunnar til at denne kunnskapen er viktig. Den første faktoren som viser til at det er viktig med god kunnskap om den typiske utviklinga og korleis miljøet påverkar den, er at ein gjennom analyse og tilrettelegging kan fremje god utvikling og læring. Den andre faktoren er at dersom ein har denne kunnskapen kan ein tidleg avdekkje eventuelle avvik i utviklinga. (Hernes og Larsen, 2014, s. 14)

For å kunne drøfta korleis åtferd påverkar personalet sitt arbeid med utfordringane til kvart enkelt born, vil oppgåva ta føre seg teori knytt til det ein kan kalle avvikande åtferd.

2.3 Avvikande åtferd

I nokre tilfelle kan born oppleve utviklingsmessige forstyrringar knytt til traume, i tillegg kan traume påverke hukommelsen og føre med seg lærevanskar (Neumayer, Skreslett, Borchgrevink & Gravråkmo, 2006, s. 17-18).

Bleka (2015) ved Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring hevdar at born som har vore på flukt har på ein eller anna måte gått gjennom ei krise, og dette kan vise seg på ulike måtar i barnehagen. Born kan vise reaksjonar på det dei har vore gjennom i lang tid etter dei har kome til Noreg. Ein kan til dømes oppleve at borna er triste, sinte, har angst for å skilja seg frå sine næraste eller at dei opplev sakn (Bleka, 2015). Dei borna som kjem som flyktningar har vore gjennom ei tid der dei ikkje har kontroll på kva som skjer med dei. Den åtferda born viser kan vere eit forsøk på å ta tilbake kontrollen i ei verd som har blitt uoversiktleg for dei (Bleka, 2015). I tillegg til utagerande åtferd eller nedstemt humør hjå born med flyktningbakgrunn, kan også utviklinga deira verte påverka av brot med det kjende. Tilknytning og tilknytingserfaringar er viktig for born si utvikling og utforsking av verda (Eide, 2012, s.185). Tilknytning inneber, i dette tilfelle, at born søker føretrekte vaksne som kan gi dei trygghet, omsorg og tilhørsle. Desse omsorgspersonane er gjerne borna sine foreldre. På bakgrunn av den omsorga og tryggleika foreldra gir, vil borna danne eit kjenslemessig band som er eineståande og vil vere nedfelt i barnet si indre verd som eit minne frå dei fyste leveåra (Eide, 2012, s.185). Dette minnet vil verte spegla i samspel med andre seinare i livet. Dei vil bruke denne erfaringa for vidare utvikling og born brukar tilknytingspersonen som ein base for vidare utvikling og dimed vekst (Eide, 2012, s.185).

2.4 Born med traume i barnehagen

I Meld. St. 19 (2016) står det at:

Barn kan ha medfødte eller påførte utviklingsforstyrrelser og psykiske lidelser som kan være vanskelig å avdekke. Ulykker, alvorlig sykdom og dødsfall i familien og erfaringer fra krig og flukt kan bidra til traumer. Barnehagen er en unik arena for å avdekke problemer tidlig og for å sette inn forebyggende og kompensatoriske tiltak.

(Meld. St. 19, 2016, s.56-57)

Arbeidar ein med born som av ein eller anna grunn er prega av traume står ein ovanfor to vidt forskjellige oppgåver. For det første må ein vere omsorgsfull, støttande og skape trygghet for borna, samstundes som ein skal utfordre dei til sjølvstende og mestring (Raundalen & Schultz, 2006, s.34). For å hjelpe desse borna må me ta utgangspunkt i at barnet vil, må og skal lære.

Eit born i utvikling vil gå gjennom ei oppbygging av interaksjon mellom det kognitive og det emosjonelle (Raundalen & Schultz, 2006, s.37). I denne utviklinga inngår blant anna styring av tankane og kontrollering av tidlegare uhandterlege kjensler. Gjennom denne utviklinga vil barnet lære å setje ord på kjensler, samt gi kjenslene språk. Dei kjenslene ein gjerne har problem med å

handtere i ein krisesituasjon er angst og tristheit, men desse er regulerbare. Gjennom å setje ord på, og lære om eigne reaksjonar, auke sjølvforståinga og tileigne seg fakta, kan ein arbeide med og regulere desse kjenslene. Denne prosessen vert kalla «bottom-up» perspektivet. Det vil seie at dei vonde kjenslene vert roa ned når ein løftar dei fram og set ord på dei, gjerne gjennom språklege aktivitetar (Raundalen & Schultz, 2006, s.37). Eit anna perspektiv ein må ta omsyn til i det pedagogiske arbeidet er «top-down» perspektivet. Det vil seie at barna bebreida seg sjølv eller har tankar om at dei var makteslause i enkelte situasjonar, og desse vurderingane av seg sjølv føre til emosjonelt kaos og uro.

Raundalen og Schultz tala også om eit omgrep Antonovsky (1987) presenterar: samanheng i livet (Raundalen & Schultz, 2006, s. 39). Med dette meiner han at personen, eller barnet, opplev ein varig tillit til at både sin indre og ytre verd er føreseieleg. For å få ein samanheng i livet må verda vere begripeleg, det vil seie at ytre og indre hendingar og reaksjonar har samanheng, dei er strukturerte, tydelege og kan forståast. Sjølv om ein har gått gjennom ei krise eller vore utsett for noko traumatisk, kan hendingane likevell forklarast og verte handtert (Raundalen & Schultz, 2006, s. 38).

Det er mogleg at ein kan stille seg spørjemål om arbeidet med born prega av traume skal gå føre seg i barnehagen eller om det ansvaret skal overlatast til helsesektoren (Raundalen og Schultz, 2006, s.40). Raundalen og Schultz (2006) vel likevell å leggje vekt på viktigheita ved å sjå heile barnet, korleis det er det same barnet som går i barnehagen og til terapi. Ikkje eit barnehagebarn i barnehagen og eit sjukt born i terapi. Dei oppmoda pedagogar til å ta tak i både individuelle og kollektive krise til det beste for born si læring og emosjonell utvikling (Raundalen og Schultz, 2006, s.40).

2.5 Foreldre

Å leve på flukt kan bety at ein har hatt problem med å skaffe mat, husly eller på andre måtar har slite med å ivareta borna si helse og deira behov, noko som kan føre til at foreldra kjenne på ei viss avmakt knytt til dette (Neumayer m.fl, 2006). Foreldra kan også oppleve ein slik situasjon som svært stressande. Konsekvensane av å leve under slike påkjenningar kan få utslag etter familien har kome til Noreg. Foreldre som har klart seg og takla utfordringane dei har støtt på, kan oppleve at det vert vanskelegare å handtere ulike utfordringar etter dei er etablerte i eit nytt land. Blant anna kan dei oppleve forvirring rundt prosedyrane dei skal gjennom. Samstundes kan det også verke krenkjande for vedkommande. Dette kan føre til ulike formar for psykiske vanskar hjå den enkelte, anten langvarige eller kortvarige (Neumayer m.fl, 2006). Foreldre klarar ofte å ivareta omsorga ovanfor borna sine, men likevell kjem deira fortvilning til syne for borna, som igjen kan føre til at borna vert

makteslause vitne til foreldra sine påkjenningar. Samt kan foreldre som er psykisk eller fysisk nedbrotne verte svært engstelege og skodande ovanfor borna, som igjen kan føre til at borna tek på seg ei omsorgsrolle for foreldra (Neumayer m.fl. 2006). Dersom eit born er så prega av traumatiske hendingar at det gir til dømes mareritt, søvnevanskar eller nedstemte kjensler, vil dette spegle seg i deira evne til å knyte sosiale band. I tillegg til sine eigne påkjenningar vert born prega av foreldra sine psykiske utfordringar. Undersøkingar vise at angstnivået er høgare hjå born som har foreldre som har reagert kraftig på å skilje seg frå familie og landet dei flykta frå. Det er viktig at hjelpeapparat og ulike instansar, til dømes barnehagen klara å forstå foreldra sin reaksjon, og at den hjelpa dei gir basera seg på ei forståing rundt den situasjonen familien står i. (Neumayer m.fl. 2006, s.24)

2.6 Samarbeid mellom ulike instansar

Samarbeidet mellom dei ulike instansane knytt opp til flyktningfamiliar er særst viktig for at dei skal få ein så god livssituasjon som mogleg. Dei fleste flyktningar vert gjerne teken i mot av eit flyktningmottak, og desse mottaka har eit stort ansvar for å ivareta familien på best mogleg måte. Neumayer (2006) presentera to hovudgrupper av oppgåver mottaket har:

- A) Informasjon til og samarbeid med personar, instansar og myndigheiter
- B) Spesielle tiltak for born og familiar i mottaket

Under punkt A vert det presisert at mottaket har ansvar for informasjonsdeling mellom barnehagen og heim. Dette punktet omhandlar kvalitetsutvikling i eit samfunn som har mykje å arbeidet med når det kjem til integrering i til dømes skule og barnehage (Neumayer m.fl. 2006).

Det som inngår i punkt B er det viktigaste for kvardagen til ein ny flyktningfamilie. Balansen mellom å leggje til rette for ein god livssituasjon samstundes som dei ikkje skal ta over ansvar, kan vere vanskeleg. Dei bør difor prøve å finne ein balansegang i tiltaka dei set inn (Neumayer m.fl, 2006, s. 37). Ulike tiltak kan til dømes vere å leggje til rette for eit mest mogleg normalt liv. Dette inneber blant anna at borna bør gå i barnehage. For å gi born ein relativt normal kvardag er det særst viktig at dei går i barnehage og på skule. Her kan borna utfolde seg på ein arena som ligg utanfor mottaket, og i eit miljø som er tilpassa deira alder og utvikling. Dersom borna manglar noko på heimebane kan dei kompensera for dette ved å delta i barnehagekvardagen. Her får dei treffe born på si eiga alder samt utfolde seg i eit pedagogisk system som er godt lagt til rette for kvart enkelt born (Neumayer m.fl, 2006). Barnehage og skule må ta omsyn til borna sine ulike føresetnadar og leggje til rette for eit læringsmiljø tilpassa born med ulik kulturell bakgrunn. (Neumayer m.fl, 2006, s.38)

3.0 Metode

Dalland (2017) beskriver metode som korleis ein går fram for å skaffe, eller etterprøve kunnskap. Grunninga for val av metode basera seg på korleis metode ein meiner eignar seg best for å kaste lys over problemstillinga som har blitt formulert. Metode er eit verktøy i møte med det ein vil undersøkje, den hjalp oss til å samle inn informasjon om det me treng for å gjere desse undersøkingane. (s.51-52).

3.1 Val av metode

Kva ein vil undersøkje legg føringar på kva metode ein vel. Det finnes to hovudtypar innanfor metode, kvalitativ og kvantitativ metode. Dersom ein er interessert i resultat i form av målbare einingar vel ein kvantitativ metode, men vil ein ha meiningar eller opplevingar som ikkje kan målast vel ein kvalitativ metode. (Dalland, 2017, s.52).

Sidan eg ville undersøkje korleis ulike barnehagar arbeidar med born som kan vere prega av traume valde eg kvalitativ metode, og nytta meg av intervju for å samle inn data. Ved å nytte meg av denne metoden fekk eg fram særpreget til kvart enkelt intervjuobjekt og dei fekk sjølv løfte fram både positive og negative erfaringar ved å gå i djupna på det dei sjølv meinte var mest relevant. Dette gav rom for opne spørsmål og varierte svar prega av ulike erfaringar. Eg valde å intervju to pedagogiske leiarar og to styrarar. Dette fordi eg ville få greie på om det var ulikt syn på problemstillinga ut i frå stillingsbeskrivinga.

Før eg starta prosessen med sjølv intervju laga eg ein intervjuguide som skulle verte nytta i høve dette. Den starta med å avklare korleis erfaring og stilling informanten har, for deretter å gå vidare på spørsmål som var spesifikt retta mot oppgåva og problemstilling. Intervjuguiden skulle verke som støtte for meg som intervjuar, og hjelpe meg til å røre ved dei tema eg på førehand hadde førebudd meg på å spørje om.

3.2 Pilot

I forkant av intervjuprosessen med fagpersonar gjennomførte eg ein pilotstudie. Då intervjuar eg ulike personar med utgangspunkt i allereie utarbeida spørsmål. Eg intervjuar blant anna medstudentar, ein lærar og ein student frå sosionomlinja. Ut i frå responsen på desse intervjuar gjorde eg naudsynte endringar på både spørsmål og oppbygging av intervjuet. Ved å gjennomføre pilotstudie fekk eg erfare kva som var mest relevant å trekkje fram, i tillegg til korleis oppfølgingsspørsmål som burde kome til ei kvar tid.

3.3 Rekruttering av informantar

Når eit intervju skal gjennomførast har både informanten og den som intervjuar forventningar til møtet (Dalland, 2017, s.77). Det er viktig at ein legg eit godt grunnlag på førehand av dette møtet, og den første kontakten mellom dei to partane har stor betydning

I starten av prosessen med å finne informantar var eg kritisk til kva barnehagar eg kontakta. Eg ville gjerne at dei skulle ha god erfaring knytt til arbeidet med minoritetsbarn, og gjerne flyktningar. Dei barnehagane eg kontakta fyrst visste eg hadde erfaring med flyktningar, men responsen var dårleg. Eg fekk tilbakemelding frå ein barnehage som ville la meg gjennomføre intervjuet, medan dei andre enten gav tilbakemelding på at det ikkje passa, eller ikkje gav noko tilbakemelding i det heile. Dette førte til at eg på nytt måtte kontakte aktuelle barnehagar. For å gjere intervjuprosessen så praktisk som mogleg ynskja eg å intervju barnehagar der reisevegen var relativt kort. I tillegg kontakta eg ein barnehage i den kommunen eg skulle opphalde meg i under praksisperioden min. Eg enda til slutt opp med fire informantar frå tre ulike kommunar. For å skapa ei avslappande stemning starta me med å snakka litt uformelt før eg avklara dei etiske omsyna rundt teieplikt, retten til å trekkje seg, anonymisering og behandling av materiale.

Ved å nytte meg av intervju som verktøy for datainnsamling var tanken at eg skulle få spontane svar, eg skulle då ikkje gi ut intervjuguiden på førehand. To av intervjuobjekta bad om å få tilsendt intervjuguiden før intervjuet skulle finne stad, så denne vart sendt til dei. Eg opplevde likevel at informantane snakka fritt utan å nytte seg av noko form for notat.

Under det første intervjuet følte eg meg svært bunden til intervjuguiden, eg hadde få oppfølgingsspørsmål og kjende meg nervøs for å gløyme noko. Informanten under dette intervjuet var imøtekommande og viste stor interesse for meg og mitt arbeid. Ho hadde mykje erfaring og delte open og ærleg sine opplevingar og erfaringar rundt tema. Den erfaringa eg sat att med etter det fyste intervjuet gjorde til at eg følte meg tryggare i dei komande situasjonane. I dei tre resterande intervjuane gjekk eg inn med tanken om at informantane ville det beste for oppgåva og hadde sjølv eit ynskje om å dele. Det vart då enklare å stille gode oppfølgingsspørsmål og flyten i intervjuet vart betre.

3.4 Metodekritikk

Metoden ein vel å nytte seg av må vere truverdig og vere av viss validitet, det vil seie gyldig og relevant. (Dalland, 2017, s.40). Sjølv om data ein samlar inn i utgangspunktet er relevant må den ha

vorte samla inn på ein slik måte at den er påliteleg. I eit intervju kan det liggje mogleg feilkjelder i sjølve kommunikasjonsprosessen (Dalland, 2017, s.60). Ein kan stille spørsmål ved om informanten har forstått spørsmåla rett, har ein notert svaret lite nøyaktig eller om meiningsinnhaldet har blitt endra. Korleis ein behandla innhenta data vil verte påverka av personen som behandlar det, dine haldningar, din kunnskap og forhistorie (Dalland, 2017, s.61). Som student med lite praktisk erfaring rundt dette tema er det mogleg at eg tolkar svara frå informantane ut i frå mi eiga ståstad. Eg har fersk kunnskap om tema som vert presentert i undervisninga og haldninga eg har kan føre til vanskar med å arbeide med materiale på ein objektiv måte.

4.0 Empiri

I denne delen av oppgåva vil eg presentere resultata etter gjennomført intervjuopprosess. Spørsmåla frå intervjuet vil verte delt inn i kategoriar for å gi eit ryddig bilete av sjølve materiale og vektlegginga av informantane sine svar. Innleiingsvis presenterte eg omgrepa krise og traume, og i forbinding med intervjuopprossen vart eg merksam på at informantane brukte desse omgrepa om eit anna. Det verka for meg som at bruken av desse ikkje hadde noko å seie for innhaldet i det informantane ville formidle.

4.1 Borna si bakgrunn

Det første eg avklarte i intervjuet var om informantane faktisk hadde opplevd born med traume i barnehagen, då tenkte eg spesielt på traume knytt til krig og flukt. Fellesnemnaren i svara var at alle informantane hadde opplevd born dei tenkte var prega av traume, men ingen av borna hadde fått påvist ein diagnose knytt til dette. Dei tala også om korleis borna kan verte påverka av eventuelle traume hjå foreldra, i tillegg til påkjenninga familien opplev ved å bryte frå det kjende. Dei kunne fortelje at det er ein vanskeleg situasjon både for foreldre og born når dei skal etablere seg i eit nytt land med mange krav. Borna skal gjerne byrje i barnehagen eller på skulen, familien må lære seg eit nytt språk, dei må venje seg til ein ny kultur og halde seg til normer og reglar som er ukjende.

Informant 1 kunne også fortelje at foreldra, nærast utan unntak, svara nei då dei fekk spørjemålet om borna deira hadde opplevd noko traumatisk. Eg undra meg over om dette kunne ha samanheng med uvissheit rundt kva som skulle skje med borna dersom foreldra svara ja. Informant 3 tala om ei frykt for å verte fråteken barnet viss barnehagen ville diskutere bekymring rundt eit born. Dette kunne då ha samanheng med kor mykje foreldra valde å dele. Når eg presenterte spørsmålet som omhandla den informasjonen barnehagane får før borna byrja i barnehagen fekk eg varierende svar. Ut i frå opplysningane eg hadde fått rundt mengde erfaring knytt til flyktningborn kan det verke som dei barnehagen med mykje erfaring ikkje var like nøgd med informasjonsdelinga som dei mindre erfarne barnehagane. Informant 4 meina det hadde vore enklare for dei å møtt borna på rett måte

dersom dei hadde fått meir informasjon om kva dei har gått gjennom. Denne informanten kunne fortelje at det dei fekk vite var korleis dei kom seg til Noreg og noko lite om enkelte hendingar, men dei ville gjerne ha meir informasjon. Dersom eit born har ei åtferd som tilseier at det er behov for ekstra støtte ville informanten gjerne vite korleis ein skal leggje til rette for dette barnet i ein barnehagekvardag. Er det enkelte omsyn ein må ta knytt til støy eller kaos eller rett og slett korleis ein skal leggje til rette for at borna taklar overgangen til kvardagen i barnehagen best mogleg. Då meina ho at for å gjere dette på best mogleg måte trengde å ho vite om eventuelle omsyn som måtte takast rundt dette barnet.

På ei anna side kunne informant 3 fortelje at ho var nøgd med informasjonen barnehagen fekk. Dette kan henge saman med erfaring då denne informanten har sju års erfaring som barnehagelærer samt tjuetjue års erfaring som styrar i ein barnehage med mange minoritetsborn. Ho kunne fortelje at dersom det var mangelfull informasjon etterspurte ho det som var naudsyneleg. Informanten har blant anna jobba med eit prosjekt for å betre samarbeidet mellom ulike instansar retta mot arbeide med minoritetsborn. På bakgrunn av dette kjende ho godt til dei ulike instansane barnehagen måtte halde seg til og personane som jobba der. Informanten vegra seg ikkje for å ringje blant anna helsestasjon eller flyktingtenesta viss ho måtte etterspørje informasjon.

4.2 Arbeidet med born prega av traume

Ut i frå undersøkinga var eit av måla å få eit bilete av korleis barnehagane konkret arbeida med born som kunne vera prega av traume. Dette varierte mykje frå barnehage til barnehage, og alle hadde sine måtar som dei meinte fungerte bra for sine born. I den barnehagen informanten 1 arbeida, utarbeida dei ein handlingsplan for kvart enkelt born. Då starta dei med å avklare kven som skal ta i mot familien og kven som skal setjast inn som ekstra ressurs. Straks etter at barnet har fått plass i barnehagen har dei ein samtale med familien som alltid inneber ein tolk. Etter kort tid har barnehagen eit nytt møte med familien for å avklare eventuelle spørsmål eller drøfte ulike opplevingar som har oppstått sidan barnehagestart. Det var viktig for informanten at denne samtalen fann stad så raskt som mogleg, då det ofte var i oppstartsfasen foreldre hadde mange spørsmål. Ho kunne også fortelje at barnehagen hadde fokus på at alle dei vaksne skulle vere godt orienterte og ha kunnskap om alle borna i barnehagen. Dette var fordi alle skulle ha moglegheit til å handtere borna på best mogleg måte, uansett om det handla om ekstra omsorg eller førebygging av uønskt åtferd.

Informant 3, som er styrar, har vore veldig medviten på arbeidet rundt minoritetsspråk og korleis god kunnskap er eit viktig verkemiddel for å ta desse borna godt i mot. Tre av personalet i denne

barnehagen hadde teke vidareutdanning innanfor norsk som andrespråk. I tillegg var ho oppteken av at personalet skulle tileigne seg kunnskap om det landet og kulturen borna kom frå. På denne måten kan dei lese seg opp på til dømes korleis samfunnssyn denne familien er vand med eller korleis kvinnesyn dei har. Ved å bruke litt tid på dette får personalet ein betre idé om korleis dei skal møte både borna og familien. Denne informanten var også oppteken av at barnehagen skulle sjå heile barnet, det innebar både fysisk og psykisk helse. Dei forsikra seg alltid med helsestasjon om korleis tannhelse var, om dei hadde gått gjennom fullt vaksinasjonsprogram, og om dei var tilstrekkeleg ernærte. To av borna i denne barnehagen viste tydeleg misnøye den første tida si i barnehagen, dette løyste dei ved å setje inn ein assistent med same morsmål. Desse borna fekk ein heilt ny kvardag etter dette, dei snakkar mykje meir, deltok i større grad i leik og verkar til å vere generelt sett meir nøgd med situasjonen.

Alle informantane var opptatt av å etablere trygge ramme rundt desse borna så fort som råd. Informant 2 sa: «Først og fremst er det dette med tryggleik som er viktigast.» Og primærkontakta til desse borna vart ekstra viktige både for barnet, men også for foreldra. På lik linje med informant 3, var informant 2 oppteken av at ein skulle leggje til rette for at borna kunne gjere seg forstått gjennom språk i barnehagen. I nokre høve hadde dei hatt eit samarbeid med flyktningtenesta der dei brukte personar som trengde språkpraksis som ein ressurs i barnehagen. For denne barnehagen hadde dette vore ei veldig positiv erfaring.

4.3 Foreldresamarbeid

Då eg stilte spørjemålet om korleis foreldresamarbeidet var i ein situasjon som innebar flyktningar la fleire av informantane vekt på kor viktig den praktiske informasjonen var for foreldre med minoritetsbakgrunn. Det som er sjølvsgagt for ei mor som har vakse opp i ein norsk kultur, er kanskje ikkje like sjølvsgagt for ei mor som har vakse opp i eit anna land. Nokon treng kanskje rettleiing på korleis mat som er bra å ete eller korleis ein kan kle borna etter veret. Informant 1 fortalte om ein gong då ho gav tilbakemelding til ei mor på at det kunne vere lurt å vaske klede til barnet av og til. Då hadde klede blitt vaska, men ikkje tørka, så barnet kom med blaute klede i barnehagen. For informant 1 er det ein sjølvfølgje å turke klede etter dei har blitt vaska, men det var det ikkje for denne mora. Då må ein forklare vedkommande at våte klede ikkje er noko behageleg å gå med, i tillegg til at ein kan verte sjuk, spesielt om vinteren, dersom ein tek på seg klede som er våte. Informant 1 presiserte også kor viktig det er å vere audmjuk i slike situasjonar. For minoritetsfamiliar er det mykje nytt og alt i frå matvanar til samhandling mellom menneskje i denne kulturen skal lærast. Difor er det viktig å kome med tips og råd på ein slik måte at ein ikkje fornærma eller nedverdiga nokon ved å få dei til å kjenne seg lite opplyste eller hjelpelause.

Informant 4 hadde erfart at dersom ein undra seg over, til dømes åtferda til eit born, kunne det vere lurt å stille spørjemål i staden for å leggje fram observasjonane som fakta for foreldra. På denne måten kunne ho undre seg saman med foreldra og dei fekk moglegheita til å kome med innspel om dei har opplevd noko av det same eller om det var framandt for dei. Informanten påpeika at ved å nytte seg av denne «strategien» opplevde ho å få ein open dialog som gav rom for vidare samarbeid. Informant 3 sa: Det er viktig at foreldre føle at dei er ein ressurs, ikkje eit problem.» Informanten kunne fortelje at deira barnehage har prioritert å kjøpe ein eigen tolketelefon. Denne nyttar dei seg av kvar einaste veke for å klare å halde ein god kontakt med foreldra. Ho var oppteken av kor viktig det var å spørje foreldra dersom ein undra seg over noko. Det var ikkje nok for personalet i barnehagen å tru at dei visste, dei måtte ta kontakt med foreldra for faktisk å få greie på det.

Vidare kunne informant 3 fortelje korleis barnehagen kan vere ein arena for rettleiing knytt til krava den norske kulturen har. Som forelder er det til dømes forventa at ein skal stille opp på fotballkampar. Ho hadde snakka med foreldre om kor viktig det var å halde avtalar, til dømes å møte til rett tid og at borna må tidlegare i seng enn dei vaksne viss dei skal ha overskot til dagen etter.

Felles for alle informantane var at dei var opptekne av å etablere eit godt forhold til foreldra tidleg etter at barnet deira hadde starta i barnehagen. Det var noko som var ulikt hjå dei forskjellige barnehagane eg intervjuar, blant anna kor mange tolkesamtalar det var vanleg å ha. For den eine barnehagen var det vanleg å ha ein før barnehagestart samt ein kort tid etter. I ein anna barnehage fekk foreldra tilbodet om fire tolkesamtalar relativt tett innpå kvarandre. Dette gjeld barnehagen informant 4 arbeida i. Sjølv om to av tolkesamtalane berre var eit tilbod til foreldra opplevde dei at fleirtalet takka ja. Fleire av informantane opplevde også at primærkontakta i barnehagen var ekstra viktig for foreldre med minoritetsbakgrunn. Dette vart ein person dei kunne vende seg til dersom dei hadde spørjemål eller møtte på utfordringar. Informant 3 hadde vore ei støtte for fleire familiar på andre arena enn berre barnhagen. Ho hadde blant anna følgd ein familie på NAV og ein anna på BUP. Sjølv om ho ikkje kunne løysa utfordringane for dei, kunne ho stille opp som ein kjend og trygg person.

5.0 Drøfting

I denne delen av oppgåva vil eg drøfta resultata eg innhenta frå intervjuprosessen med relevant teori. Denne delen av oppgåva vil også verte kategorisert for å gi eit oversiktleg bilete.

I innleiinga nemnde eg at både krise og traume kunne vore brukt når eg utarbeida problemstillinga. Dette vart eg klar over medan eg gjekk gjennom intervjuprosessen. Det var spesielt to intervju som gjorde meg merksemd på dette. Informant 4 kunne fortelje at det var fleire born som ikkje hadde

vore direkte knytt til krig eller voldtekt, som i følge Dyregrov (2010) er eksempel på traumatiske situasjonar. Likevell presiserte ho at det er traumatisk i seg sjølv å reise frå heimlandet sitt til ein ukjend plass. Dei fleste har i tillegg mange nære relasjonar dei må bryte med i samanheng med flukt.

I eksempelet eg no skal presentere vel eg å ha tiltru til det foreldra har fortalt informanten. Informant 4 hadde erfart at nokre foreldre skjerma borna sine, eller at familien flykta før dei opplevde å leve i eit krigsramma område. Likevell har borna, og familien, gått gjennom det ein kan kalle ei utviklingskrise, ei krise som er knytt til overgangsfasar (Dyregrov, 2010, s.13). Dyregrov (2010) hevda at ei krise oppstår gradvis og er mindre dramatiske enn traume. Ser ein på desse definisjonane og samanliknar dei med den situasjonen foreldra legg fram for personalet i barnehagen kan ein undre seg over om foreldra prøve å beskytte borna sine når dei hevda at ingenting traumatisk har skjedd. For ei traume i følge Dyregrov (2010) er ei hending som skjer brått og er av dramatisk karakter, og for eit born er det dramatisk å reise frå det kjende til det ukjende. Fleire av informantane sa at foreldre meinte borna deira ikkje hadde vore gjennom noko traumatisk før eller under flukta til Noreg. Likevell ser ein at for born er det traumatisk å bryte med ei kjend verd, samstundes som borna kan verte prega av foreldra sine traume (Neumayer m.fl. 2006, s. 24).

5.1 Foreldre og born

Fleire av informantane tala om rettleiing og rådgiving til foreldre av minoritetsborn. Som nemnd tidlegare treng foreldre mykje praktisk informasjon knytt til barnehagestart, og ut i frå intervjuet vil eg seie det gjeld spesielt minoritetsfamiliar. Kirsti Tveitereid (2018) seier at dagens barnehagelærarar møte ei svært mangfaldig foreldregruppe. Borna må gjerne halde seg til to verdnar, ein i barnehagen og ein heime. Det vil vere ulike reglar og rutinar avhenge av kor barnet finn seg. Både foreldre og born har rett til medverknad i barnehagen. Å trekkje foreldresamarbeidet så tydeleg fram inneber at foreldre og born skal få god moglegheit til å verte kjend med både dei andre borna og personalet i barnehagen (Tveitereid, 2018, s. 35). Informantane praktiserte dette på ulike måtar. Informant 1 nytta seg mykje av flyktningtenesta, medan informant 3 nytta seg av tolketelefonen dei hadde kjøpt inn til eige bruk. Formålet deira var likevell det same. Alle informantane var opptatt av eit godt samarbeid med foreldra som skulle starte tidleg. Det var opent for mange foreldresamtalar dersom det var ynskjeleg og informantane er innstilte på at foreldre med minoritetsbakgrunn ofte treng tettare oppfølging enn foreldre med norsk bakgrunn. Vidare tala Tveitereid (2018) om korleis det opplevast å kome til eit nytt land. Det er ukjende tradisjonar, manglande nettverk og mange opplev statustap. Alt i frå matvanar til korleis ein samhandlar med andre menneskje i den norske kulturen skal lærast. Difor hevda informant 4 det kan vere lurt å opptre audmjuk for foreldra. Dei har allereie mykje å ta omsyn til, så om nokon skal fortelje dei at det er grunn til uro for barnet deira kan det vere

mykje å handtere. Informanten hadde sjølv erfart at dersom ho la fram observasjonane på ein undrande måte, var foreldra meir mottakelege for dialog. Og dette kan ein sjå i samanheng med det informant 3 sa om at ein må sjå på foreldra som ein ressurs, og ikkje eit problem. Dei er tross alt ekspertar på sine egne born.

Neumayer (2006) seier at foreldra må verte møtt med forståing i den situasjonen dei står i. Hjelpeapparat og dei ulike instansane som er i kontakt med foreldre må klara å forstå foreldra sin reaksjon til ei eventuell flukt, å skilje seg frå familie og landet dei kjem frå. (Neumayer m.fl. 2006, s.24). Vidare tala han om korleis born vert prega av foreldra sine psykiske utfordringar. Ulike vanskar treng ikkje gå ut over omsorga ovanfor borna, men borna merka likevettl fortvilninga til foreldra som kan føre til at dei kjenne seg makteslause (Neumayer, 2006, s. 24). Difor vert det ekstra viktig at barnehagen er ein arena der born kan vere born. Jenta som vart nemnd i døme i del 5.1 visste korleis ho skulle lage bål, hogge tre og oppførte seg nærast som ein vaksen når dei var i skogen. For informant 3 vart det då viktig å la denne jenta oppføre seg som eit born når ho var i barnehagen, samt forklare foreldre korleis kulturen i Noreg er med forventningar til foreldre. Det er ikkje uvanleg at born tek på seg ei rolle, spesielt ovanfor foreldra. Borna ser at foreldra har det vanskeleg, noko som kan føre til at borna vert omsorgsperson for foreldra i staden for slik det egentleg skal vera.

5.2 Tryggleik

Tryggleik er viktig for alle born, men for born som er prega av traume, eller har traumatiserte foreldre, vil omsorg og tryggleik vere særst viktig. Fordi born er avhengige av omgivingane og dei nære omsorgspersonane vert dei også sårbare. Dersom foreldra er utrygge, vil borna også verte utrygge (Skants, 2014, s. 187). Fleire av informantane la vekt på tryggleik, særleg i byrjinga av barnehageåret og for born som trengde ekstra støtte og omsorg. Under intervjuet la informant 2 vekt på kor viktig primærkontakta vart for minoritetsfamiliar. Fordi det er så mykje som skal lærast på kort tid vart dei ei kjelde til kunnskap og ein person som kunne gi råd på fleire område. Dette vert då ein tryggleik for foreldra, noko som Skants (2014) hevda også påverka tryggleiken til borna. Som pedagog har du ansvar for å vere både støttande og omsorgsfull, samt utforde borna til sjølvstende og hjelpe dei til å oppnå mestringskjensle (Raundalen & Schultz, 2006, s. 34). I følgje informant 3 vart dette gjort ved å gi borna ein sjanse til å vise kva kvalitetar dei hadde. Eit døme på dette er jenta som flykta til Noreg og starta i barnehagen i haust. Ho likte å vere ute i skogen, og med hjelp frå personalet i barnehagen fekk ho utfolde seg og utforske skogen vitande om at dei vaksne var det for å utfordre, støtte og oppmuntre ho.

5.3 Språk

Sjølv om det er viktig at personalet i barnehagen er ein trygg base er det fleire faktorar som spela inn for born si trivsel, blant anna språk. Som fleire av informantane kunne fortelje merka dei stor forskjell på borna dersom dei hadde ein person som kunne morsmålet tilgjengeleg, kontra dersom dei ikkje hadde det. For å lære eit felles språk er felles merksemd ein viktig eigenskap (Hernes & Larsen, 2014, s.70). Å lære namnet på ulike objekt eller tydinga av ulike omgrep basera seg mykje på felles merksemd mellom born og vaksen. Eit born peikar gjerne på ein gjenstand og den vaksne presisera kva dette er, ser på barnet og smiler. Gjennom ein slik interaksjon vert både det sosiale bandet og dei sosiale ferdigheitene styrka. Samstundes vert språket utvikla gjennom gjenkjenning av objekt basert på at andre set namn på dei (Hernes & Larsen, 2014, s. 71). Ved å nytte seg av assistentar med likt morsmål som barnet kan ein bruke denne felles merksemda til å repetere ord og uttrykk både på norsk og minoritetsspråket. Både informant 2, 3 og 4 hadde gode erfaringar knytt til assistentar med likt morsmål som det gjeldande barnet. Informant 3 kunne fortelje at eit søskenpar som byrja i barnehagen i haust hadde mistrives og skrike mykje den første tida. Dei valde difor å setje inn ein assistent med same morsmål, og dette hadde utgjort ein enorm forskjell for desse borna. Berre på ei kort stund høyrde dei mindre skrik og borna hadde tilsynelatande ein betre kvardag. Dei hadde lært seg nokre sentrale ord og setningar som til dømes «eg må tisse» og «eg er tørst». Ved å få tilsynelatande enkle behova dekkja og ei kjensla av å verte høyrd hadde kvardagen deira vorte mykje enklare.

5.4 Arbeid med flyktningborn i barnehagen

Inntrykket eg fekk medan eg gjekk gjennom og samanlikna materialet frå dei ulike informantane var at det var større forskjell på barnehagane enn først antatt. Nokon av barnehagane hadde generelle, men utfyllande rutine knytt til arbeidet med born som kunne vere prega av traume, medan andre barnehagar hadde individuelle framgangsmåtar ut i frå kva born som byrja. Eg tenkjer dette kan verta sett i lys av erfaring blant personalet i barnehagen. Eg fekk eit inntrykk av at dei barnehagane med mange minoritetsborn hadde fleire og grundigare rutine enn dei barnehagane med mindre erfaring. Samstundes kunne informant 1 fortelje at dei fekk gode tilbakemeldingar frå foreldre sjølv om dette var ein barnehage med lite erfaring. Informanten hevda at dette kunne vere på grunn av tett oppfølging rundt enkelte born. Det var lite problematisk for dei å ha ekstra fokus på eit born når det var så få som trengde det samtidig. Den personen som vart sett inn kunne fokusere på å gi dette barnet ekstra omsorg og tryggleik.

Ut i frå den presenterte teorien og materialet eg fekk frå informantane tenkjer eg at pedagogane i barnehagen dannar eit godt grunnlag for born som eventuelt kan vere prega av trame ved å gi dei

mykje omsorg og tryggleik. Ved å nytte seg av det Raundalen & Schultz (2006) kalla «bottom-up» perspektivet vil ein hjelpe borna med å setje ord på kjenslene sine. På denne måten kan dei roe ned desse kjenslene ved å gjere dei medvitne, og løfte dei fram. Språklege aktivitetar er ein fin måte å gjere dette på, til dømes høgtlesing av aktuelle tema (Raundalen & Schultz, s. 37) Dette kan igjen sjåast i samanheng med oppbygginga av interaksjonen mellom det kognitive og emosjonelle eit born i utvikling går gjennom.

Bleka (2015) hevda at born som har vore på flukt har gjennomgått ein krisesituasjon (Bleka, 2015). Reaksjonar på det borna har gått gjennom kan vise seg i lang tid etter dei har kome til Noreg, noko som får meg til å undra sidan ingen av informantane kunne med sikkerheit seie at dei har hatt born med diagnosen traume i barnehagen. Ein informant hadde kontakta barnepsykologen i kommunen fordi ho hadde tankar om mogleg diagnose hjå eit born, men psykologen hadde kome fram til at det var reaksjonar på eit framandt system som viste seg. Den åtferda born viser, til dømes sinne eller sorg, kan vere eit forsøk på å ta tilbake kontrollen i ei verd som har blitt uoversiktleg for dei (Bleka, 2015). Utviklinga til eit born kan også verte påverka av brot med det kjende (Eide, 2012, s.185). Born si tilknytning er viktig for deira utvikling og utforsking av verda, og for eit born vil tilknytning seie å finne ein stabil omsorgsperson som kan gi dei trygghet (Eide, 2012, s. 185).

Eide (2012) seier at born si utvikling skjer i samhandling med omsorgspersonane rundt og barnet vert påverka av miljøet det står i (Eide, 2012, s. 184) Ut i frå dette kan me forstå korleis utviklinga til eit born kan verte påverka av foreldra sine psykiske plagar eller traume. Eide (2012) tala om korleis born organisera kjenslemessige opplevingar basert på utvekslingar mellom dei individuelle eigenskapane til barnet og miljøet barnet finn seg i. Ut i frå dette er det mogleg å forstå kvifor nokon av informantane var misnøgdde med informasjonen dei fekk om kvart enkelt born før barnehagestart. Dersom borna finn seg i ein familie der dei kjenslemessige opplevingane ikkje har blitt strukturert på ein tilstrekkeleg måte, kan dette få konsekvensar for vidare utvikling hjå barnet. Som informant 4 presiserte er det viktig for ho å vite korleis ho skal møte borna på best mogleg måte. For å kunne gjere dette sakna ho informasjon som kunne gi ei større forståing rundt åtferd, kjensler og tankar hjå borna. Dette omhandlar informasjonsdeling mellom dei ulike instansane ein flyktningfamilie har kontakt med.

Neumayer (2006) presisera kor viktig det er at barnehagen tek omsyn til ulike føresetnadar og legg til rette for eit læringsmiljø tilpassa born med ulik kulturell bakgrunn (Neumayer, 2006, s.38). Som fagperson kan ein då stille seg spørjemålet om ein klara dette viss ein føler det er mangel på informasjon for å møte alle borna på best mogleg måte.

Arbeidar ein med born som av ein eller anna grunn er prega av traume står ein ovanfor to vidt forskjellige oppgåver. For det første må ein vere omsorgsfull, støttande og skape trygghet for borna, samstundes som ein skal utfordre dei til sjølvstende og mestring (Raundalen & Schultz, 2006, s.34). For å kunne hjelpe må me ta utgangspunkt i at barnet vil, må og skal lære.

Å finne den balansen mellom å utfordre borna til mestring og vere ein tryggleik, kan vere utfordrande. Samstundes står det i rammeplan (2017) at barnehagen er pliktige til å tilpasse det pedagogiske opplegget etter borna sine behov og føresetnadar (Kunnskapsdepartementet, 2017). For å få ei viss forståing rundt borna si åtferd og helse var informant 3 oppteken av å få eit heilskapleg bilete av borna. Ho sikra seg alltid informasjon om tannhelse, vaksinasjonar og ernæring. Psykisk og fysisk helse heng saman, og for at barnehagen skal kunne sjå heile barnet var denne informasjonen svært viktig. Raundalen og Schultz (2006) legg vekt på nettopp viktigheita ved å sjå heile barnet. Dei meina det er viktig at dei tilsette i barnehagen er klar over at det er same barnet som går i barnehagen, og til terapi (Raundalen & Schultz, 2006, s.40). For born si læring og emosjonelle utvikling oppmoda dei barnehagetilsette til å ta tak i både individuelle og kollektive kriser.

Ut i frå informasjonen eg fekk opplevde eg at det var mykje fokus på arbeidet med språk knytt til minoritetsborn. Fleire informantar fortalte at dei såg ei positiv utvikling hjå borna når det vart sett inn ekstra ressurs som snakka deira morsmål. Eg undra meg likevill over kor stor grad dette hjelp borna i arbeidet med dei vonde kjenslene. Er det nok for borna å kjenne seg sett og forstått eller burde ein arbeide djupare med borna sine kjensler. Eg undra på om det er slik at så lenge borna har nokon å prate med om kvardagslege situasjon, vil det hjelpe dei til å verte kvitt dei vonde kjenslene. Kan ein forstå det slik at så lenge borna har nokon å prate med om kvardagslege situasjonar, er det nok til å hjelpe borna til å bearbeide dei vonde kjenslene. Eg undra meg på om borna føle dei har teke tilbake kontrollen over sitt eige liv ved at dei kan uttrykke dei grunnleggjande behova sine på sitt eige morsmål.

6.0 Avslutning

Då eg starta arbeidet med denne oppgåva var målet mitt å finne ut korleis barnehagane arbeida for å gje born med flyktningbakgrunn ein best mogleg kvardag i eit nytt land. På førehand hadde eg gjort meg opp nokre tankar om kva eg meina var viktig i den samanhengen. Målet mitt med intervjuprosessen var å sjå om det eg tenkte stemde overeins med erfaringane til informantane. Samt deira arbeidsmåte knytt til ulike utfordringar rundt minoritetsborn i barnehagen. Som nemnd innleiingsvis undra eg meg over konklusjonane me kom fram til når me arbeida med case-oppgåver i klassen. Eg tenkte det måtte vere fleire orsake enn berre manglande norskkunnskapar som førde til urolege born. Likevill kan det sjå ut til at språk har større betydning enn det eg trudde. Ut i frå det informantane kunne fortelje var det stor forskjell på dei borna som hadde tilgang på ein vaksen som kunne tala morsmålet deira, kontra eit born utan same moglegheit. Eg undra meg over om me, som komande profesjonsutøvarar, såg den enklaste utvegen då me gong på gong konkluderte med at hovudutfordringa var språket. Etter å ha arbeidd mykje med teorien på dette feltet samt høyrd informantane sine ulike erfaringar, tydar mykje på at språket i stor grad påverkar trivselen til borna i barnehagen. Saman med tydelege rammer, tryggleik og mykje omsorg vil språket vere med å danne grunnlaget for ein positiv barnehagekvardag. Som forhåpentlegvis vil bidra til kjensle av mestring, god leik og læring.

6.1 Vidare utforsking

Hadde omfanget på oppgåva vore større ville eg gått nærare inn på spesifikke tiltak eller arbeidsmåtar i kvar enkelt barnehage. Eg gjorde meg opp nokre tankar under intervjuprosessen som omhandla erfaringane til dei ulike barnehagane. Det innebar til dømes graden av nøyaktigheit knytt til forarbeid, oppstartsfasen og foreldresamarbeid. Det kan vere tilfeldig kven av barnehagane som stod fram som mest grundig i sitt arbeid, men for meg verka det som graden av erfaring spela ei stor rolle. Å avdekkja ulike spørjemål knytt til dette syntes eg hadde vore interessant. I tillegg ville eg også undersøkt korleis andre instansar arbeidar med minoritetsborn. Til dømes kva dei legg vekt på når det blir gjort vurderingar rundt kven som treng ekstra ressursar eller oppfølging frå fleire hald. Det hadde også vore interessant å få veta noko om dei andre instansane sitt syn på samarbeidet med barnehagen. Samt kva dei tenkjer kunne vore gjort betre for å heve kvaliteten i sitt eige, men også barnehagen sitt arbeid.

7.0 Kjeldetilvising

American Psychiatric Association (2000). Diagnostic and statistical manual of mental disorders (4th ed., text revision). Washington, DC: American Psychiatric Association.

Bleka, M. (2015). Ved Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring, *Når barn og foreldre opplever krise og sorg i forbindelse med flukt og migrasjon*, Oslo: Utdanningsdirektoratet. Henta frå: <https://nafo.oslomet.no/wp-content/uploads/2013/10/N%C3%A5r-barn-og-foreldre-opplever-kriser-og-sorg-i-forbindelse-med-flukt-og-migrasjon.pdf>

Dalland, A. (2017). *Metode og oppgaveskriving*, Oslo: Gyldendal Norske Forlag AS

Det kongelige kunnskapsdepartementet. (2016, 11. mars). *Meld. St. 19, melding til stortinget: tid for lek og læring i barnehagen, bedre innhold i barnehagen*. Henta frå: <https://www.regjeringen.no/contentassets/cae152ecc6f9450a819ae2a9896d7cf5/no/pdfs/stm201520160019000dddpdfs.pdf>

Dyregrov, A. (2010). *Barn og traumer, en håndbok for foreldre og hjelpere*, Bergen: Fagbokforlaget

Eide, K. (2012). *Barn på flukt. Psykososialt arbeid med enslige mindreårige flyktninger*, Oslo: Gyldendal Norsk Forlag

Hernes, M. Larsen, K. (2014). *Tidlig utvikling 0-3 år. Hva kan forventes og hva bør gis ekstra oppmerksomhet*, Oslo: Gyldendal Norsk Forlag

Neumayer, S. Skreslett, A. Borchgrevink, M. Gravråkmo m.fl. (2006). *Psykososialt arbeid med flyktningbarn. Introduksjon og fagveileder*. Oslo: Nasjonalt kunnskapscenter om vold og traumatisk stress

Persvold, A. (2019). *Store Norske Leksikon*. Henta frå: <https://snl.no/relevant>

Kunnskapsdepartementet (2017). *Rammeplan for barnehagen – innhold og oppgaver*. Oslo: Pedlex

Raundalen, M, Schultz, J.H. (2006). *Krisepedagogikk*, Oslo: Universitetsforlaget

Skants, P. (2014). *Omsorg i kriser – håndbok i psykososialt støttearbeid*. Oslo: Gyldendal Norske Forlag AS

Tveitereid, K. (2018). Inkludering i barnehagens fellesskap: Samarbeid mellom minoritetsfamilien og barnehagens personalet. *Læringsmiljøsentret, Universitetet i Stavanger*. 33-45 Henta frå: https://laringsmiljosenteret.uis.no/getfile.php/13481506/L%C3%A6ringsmilj%C3%B8senteret/Pdf/Barnehage/Kirsti-Tveitereid_nr16-2018-Paideia.pdf

Vedlegg 1: Informasjonsskriv

Eg heiter Malene Kvam og studera barnehagelærer ved Høgskulen på Vestlandet. Eg skal no skrive bachelor og tema i oppgåva mi vil vere traumebasert omsorg. Eg har lyst å undersøkje korleis barnehagane jobbar med born som er ramma av traume, og fokuset vil liggje på innvandrarborn og flyktningar. Eg vil også prøve å forstå korleis kvardag born med traume har, og i kor stor grad dei er tydeleg prega.

Eg skal gjennomføre ein kvalitativ studie der eg vil intervjuje barnehagelærarar om deira rolle og kunnskap rundt born med traume. Intervjuet vil vare omlag 30 min.

Spørsmål og tema som blir tatt opp:

Hovudfokuset vil liggje på korleis barnehagen og andre instansar arbeidar med born med traume. Eg vil også prøve å avdekke korleis dei ulike instansane samarbeidar. I tillegg kor mykje informasjon dei eventuelt kan dele med kvarandre for å oppnå best mogleg resultat for dei aktuelle borna.

Det er frivillig å delta, og det er lov å trekkje seg så lenge studiet føregår. All informasjon blir anonymisert og haldt konfidensielt, og sletta når oppgåva har blitt sensurert. Det er mogleg at nokon sitat vil verte framheva i oppgåva, men dette vil også verte anonymisert.

Ved interesse ta kontakt med:

Malene Kvam, tlf: 45503874, eller på e-post: malenekvam@hotmail.com

Med vennleg helsing Malene Kvam.

Eventuelle spørsmål kan rettast til min rettleiar Kirsten.Helen.Flaten@hvl.no

Vedlegg 2: Intervjuguide

Generelle spørsmål:

1. Korleis utdanning har du?
2. Kor lenge har du hatt di nåverande stilling?

Spørsmål som er spesielt relevant for oppgåva:

3. Har du opplevd born med traume i barnehagen? Då tenkjer eg spesielt på krigstraume, traume frå flukt.
4. Har de visst om desse borna på førehand? Eventuelt kor mykje veit de? Viss ikkje er de merksemd på oppførsel som kan vekke mistanke?
5. Korleis førebudde de dikka til barnehagestart for desse borna? Korleis tiltak set de inn for det enkelte barnet?
6. Korleis arbeider barnehagen med å forbetre situasjonen til borna i løpet av barnehagetida?
7. Korleis samarbeida de med andre instansar, til dømes helsestasjon, BUP og barnevernet for å bearbeide traumane til borna? Er de pliktige til å melde frå dersom de oppdagar eit born med traume? Spesielle måtar de arbeider på?
8. Korleis erfaringar har du med foreldresamarbeid i slike saker?
9. Er alle i personalet like intreressert i å gjennomføre dei tiltaka som er best for bornet?
10. Er det noko meir du vil leggje til?

Eventuelle oppfølgingsspørsmål vil kome i tillegg, alt etter korleis svar som blir gitt på kvart enkelt spørsmål.